

Osterøy idrottslag-100 år.

Opplesen på jubileumsmarkeringa i Osterøyhallen 10.3.2018

I 1918- i pakt med tida vart Skarphedin stifta-
og har vore der sida-Fred i landet etter uro og krig-løyst frå unionen-
eit samfunn skulle formast for å reisa oppatt nasjonen-
Eit samfunn der arbeid og helse gjev håp og tru-der folk kan trivast og gjerne vil bu-
da må ein stå saman- det vert den styrke som er drivkrafta bak eit liv -og eit yrke.
Då treng ein verdiar å byggja på-kva finns i tida ?- ein lyt leita ,læra og sjå !
Eit samfunn i endring til straum , teknikk og industri-
set nye krav til arbeid, til livsstil og den tid ein har fri !
Det å måla krefter i leik og arbeid ligg latent i vår natur-
og har frå alle tider vore del av samfunn og kultur .
Leiken var alt komen godt igang-tida vart meir inne for reglemang med lov og rett-
så Idrottslaget Skarphedin vart skipa ,og innmeldt i»Centralforeningen for Idrett «!
Så tek soga til, og soga den er skriven ned med penn og blekk i protokoll
og ligg for ettertid til kunnskap og kontroll.
Her kan og lesast mellom linjene om arbeid som ligg bak-
om alvor -med og motgang og mange tunge tak.
Men idrett er som livet-ein lyt bruka det ein har-
så ser ein etter kvart at her er rom for fleire planar-
fri natur med fjell og mark -men for allsidig idrett treng ein også Baner!
Brubakkane på Revheim-det var stort å våga-
Bana-den var fin for tida-og her sjedde mangt og mykje som kan fylle eigen soga.
Her vart kjempa mann mot mann-men så kom jenter med frå Valestrand.
Og soga den går vidare- ungane -mest gutar-men også jenter møtte opp og sette preg-
endå det var dei som meinte det var lite sømeleg.
Men idrottsglede- den slo rot -samla folk i bygder og i grender- så kom den dag-
Skarphedin,Mjeldalen skilag og Sterkodder vert til Osterøy Idrottslag.
Soga fortel om aktive år-trass krigstid med stillstand-
men så kom den vår-som utløyste krefter , vilje og mot-det vart verkeleg stort!
Osterøy på kartet-med allsidig idrett sumar og vinter-for lag og personar-
så ein kan ein visa til fine prestasjonar – ein kan kjenna på glede-og sleppa gleden laus-
med å gle seg for kvarandre-kan ein også vera raus.
Alvor har sin del av leiken-det kjenner me nok til – her må det vera målretting og konkurranse
for den som kan og vil-
Det er eit idrottslag til ære å ha medlemmer som trener fram mot resultat og karriere!
Møta nye tider-nye krav-men ta vare på verdiane som er-og var.
Her står det mange bak som brukar tid og krefter for idretten si sak-
det er ein samanhengande stafett-etappane er mange- ikkje alle like lange-
men som heilheit heng det saman til ein levedyktig lagidrett !
Så set ein att med mange gode minner frå hendingar og liv-
og ser den store samanheng i eit folkehelseperspektiv !
Idrettslag i 100 år-der soga-notid- framtid krev sin del-her har me idretten si sjel-
Så kan ein tru-at Idretten har evig liv-at det er sjølve urkrafta som driv -
Den varar ved i alle livets fasar- med respekt for sjølve livet -
så kan kvar og ein – utover land og grenser, ha som eigen livsfilosofi-
å ta opp kampar som ein møter i fredleg kappestrid !
Tillukke med dei 100 år- og alle gode ynskje for framtida !

10.mars 2018,
Marta Ingunn Rongved.
Ingunn Rongved.